



David Hjertaas
Hjertåsmarka 85
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8625 - 20/28634

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
15.05.2020

Ber om tilbakemelding på igangsett forhold på eigdommen din - gbnr 445/455 Manger nedre

Tiltak: Mogeleg ulovleg tilhøve
Byggjestad: Gbnr: 445/455
Tiltakshavar: David Hjertaas
Ansvarleg søkjar: Kaland Trelast AS

Saka gjeld

Kommunen er gjort oppmerksom på at det på din eigedom har oppstått utfordringar med avløpet til naboen som følgje av bygginga på eigdommen din. Bygginga har ført til at skjøter på avløpsleidningen har glidd frå kvarandre med påfølgande forureining i grunnen. Kommunen har fått opplyst at denne skaden no er utbedra.

Ved gjennomgang av saka ser vi at byggearbeidet har stoppa opp i lengre tid, noko som no har ført til at gjeldande byggeløyve har gått ut. Det kan også sjå ut til at avløpsleidningar ikkje er etablert i samsvar med opprinneleg løyve. Utifrå motteken dokumentasjon ser vi at avløpsleidningar frå eigedom med gbnr 445/44 er lagt rett under huset som er under bygging på eigdommen din. Vi kan ikkje sjå at det går fram av godkjent byggesøknad for gbnr 445/455 at det var eksisterande avløpsleidningar på eigdommen og at desse skulle leggest slik som dette.

Redegjøre for tilhøva på staden

Du må redegjøre for arbeida som er utført. Vi ber også om at du gir opplysningar om korleis du no tenker å rette på dei tilhøva som har oppstått og om du skal søke om ny godkjenning av tiltaket eller om påbegynte arbeider skal rivast/tilbakeførast.

Send oss redegjørelsen så snart som mulig til e-postadresse post@alver.kommune.no eller per post:

Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Merk saka med **sak nr. 20/8625**.

Frist for tilbakemelding er **08.06.20**.

Anvendt regelverk

Du har plikt til å redegjøre for det utførte tiltaket i følge Plan- og bygningsloven § 31-7.

Har du spørsmål eller vil ta kontakt med oss?

Dokumentasjon og skriftleg kontakt i saka skal sendast til post@alver.kommune.no.

Dersom du har spørsmål i saka kan du ta kontakt med saksbehandlar på e-post; per.sveinar.morsund@alver.kommune.no eller tlf; 41 66 85 92.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart VA

Kopi til:

Stusdal Vvs AS

Apalen 17

5915

HJELMÅS

Mottakarar:

David Hjertaas

Hjertåsmarka 85

5943

AUSTRHEIM

Hilde Gundersen

Selfallet 76 B

5936

MANGER

Kaland Trelast AS

Keilevegen 45

5953

FONNES